

8.trinn – veke 34 og 35

Frøyland ungdomsskule

Kontaktlærer 8A: Rune Pedersen Bore og Trude Skodje

Kontaktlærer 8B: Monica Dalva Valvatne og Signe Vartdal Carlsen

Gå inn på: www.minskole.no/fus. Her legg me ut vekeplanar og annan informasjon.

Skulen si e-mail adresse: froyland.ungdomsskule@time.kommune.no

Tlf.nr. 51 77 65 00

	Læringsmål denne perioden:
Norsk	Vi startar opp med leseforståing og vi introduserer lesestrategien BISON. Du får brev og skal skrive brev.
Engelsk	Du skal kunne intervju og fortelje om deg sjølv og ein medelev til gruppa di.
Matematikk	Du skal lære å bruke strategiar for hovudrekning og korleis ein kan kommunisere desse.
KRLE	Du skal kunne kjenne til mangfaldet av religionar og livssyn i Noreg i dag. Du skal kunne gjere greie for kva religion er og korleis religionar viser seg på ulike måtar. Du skal kunne drøfte og reflektere over kva respekt og toleranse er.
Samfunnsfag	Du skal lære om norsk geografi og få kjennskap til ulike landskapstypar i landsdelane våre. Du skal kunne plassere fylke og store byar på kartet.
Naturfag	Du skal lære kva deler naturfaget består av og bli kjent med den naturfaglege metode.
Tysk	Du skal lære å presentere deg sjølv på tysk, du skal lære fargane og tala.
Engelsk fdj.	Vi skal bli kjent med faget og læreplanen.
Arbeidslivsfag	Du skal lære å opprette og starte ei elevbedrift ved å samarbeide, fordele oppgåver og ta demokratiske avgjerder i lag.
Kroppsøving	Du skal kjenne til dei viktigaste momenta i kroppsøvingsfaget på ungdomsskulen. Du skal bidra til eit godt lagmiljø i «klassekampen»
Musikk	Vi skal bli kjent med musikkrommet og læreplan i musikk.
Tema	Læringsstrategiar: BISON/ stikkord
LED	Olweus og Robust. Sosiale relasjonar, mobbereglar og klassereglar.

Diverse:	Velkommen til skulestart på Frøyland ungdomsskule, me gler oss til å bli kjent med dykk! Heimesida vår minskole.no/fus Timeplanar for klassane, vekeplanar og anna informasjon finn de på 8.trinn sine sider på minskole.no/fus. Det er fint viss de abonnerer på heimesida vår. Mjølkdrikke: Har du bestilt? Sjekk ut ordninga frå Tine Skolelyst under Info om skulekvardagen på heimesida vår.
-----------------	---

	Kantina på skulen sel mat ein dag i veka. Elevane kan kjøpa eigne klippekort til å bruke i kantina, dette står det også meir om under Info om skulekvardagen. Ipad Elevane får heilt nye iPadar. Hugs å passe godt på denne, halde den oppdatert og alltid lade opp heime. De kan ta med eige headset til Ipad om ønskeleg. Kompatibel tilkobling av eige headset er USB-C eller bluetooth. Mobilhotell Me har mobilfri skule. Me oppfordrar elevane til å la mobilen vere igjen heime. Dei som har mobilen med seg, må levere han inn i mobilhotell. Bøker Elevane får bøker i faga matematikk, naturfag, samfunnsfag og i språkfag. Det er viktig å ha bokbind på bøkene slik at me tek vare på dei. Fotografering Fotografen kjem og tek gruppebilete og portrettbilete. Hugs å gå inn på Visma for å gi samtykke til dette. Desse bileta blir samla i ein skulekatalog som elevane får gratis. I tillegg kan de kjøpe valfrie fotopakkar utanom, direkte frå fotografen. <u>Veke 34</u> Måndag 24.august: Fotografering i aulaen - klassevis og portrettbilete. Tysdag 25.august: «Klassekampen» i Kvernhallen etter lunsj. Ta med gymklede, innesko og genser/t-skjorte i avtalt farge; 8a svart og 8b kvit. Torsdag 27.august: Tur til Ulvatjørn for heile skulen (om veret er greitt). Me går etter 1.time. Ta med: god niste, drikke. Me lagar til bål så dei som vil kan ta med grillpølser og spiddepinne. Hugs sko og klede som passar til terrenget og veret.
--	--

Heimearbeid veke 35	
Måndag 24	Naturfag: Ta eit BISON- blick på kapittel 1 i Element 8 (naturfagsboka di). Hugs å leggje bokbind på boka. (B ilde, I nnleiing, S amandrag, O verskrifter, N økkelord)
Tysdag 25	
Onsdag 26	Tysk: Gjer heimearbeid v. 35 på OneNote- lese inn lydfiler. Matematikk: Gjer heimearbeid v. 35 på OneNote.
Torsdag 27	Norsk: Skriv ferdig brevet ditt, rett språket så godt du kan og lever inn på Teams. KRLE 8A: Gjer heimearbeid v. 35 i OneNote.
Fredag 28	KRLE 8B: Gjer heimearbeid v. 35 i OneNote. Samfunnsfag: Vi øver på landsdelar og fylke. Gjer heimearbeid v. 35 i OneNote